

# Naturvernforbundet Hordaland

## Årsmelding 2023



**Naturvernforbundet**  
Hordaland

Forsida:  
Øksnesmarka. Foto av Ola Moen

# Årsmelding 2023

## Innhaldsforteikning

Innleiing/oppsummering .....	s. 3
Arbeidsprogram .....	s. 6
Prosjektarbeid .....	s. 9
Andre viktige saker .....	s. 11
Organisasjon .....	s. 13
I media 2023 .....	s. 18
Resultatrekneskap .....	s. 23
Balanse .....	s. 24
Noter til rekneskap .....	s. 25
Revisor si fråsegn .....	s. 27

## **Innleiing/oppsummering**

Året 2023 har på fleire måtar vore eit satsingsår i Naturvernforbundet Hordaland.

Styret med sterkt støtte og oppslutning frå administrasjon og medlemmer har arbeidet med en rekke fagleg-politiske saker som har vært prioritert i vår arbeidsplan. Vi har lagt vekt på motstandsarbeid mot naturødeleggelse fra veganlegg, skogsbilvegar, hyttebygging, vindturbinar og andre former for øydelegging av natur og klima. Vi har gitt sterkt støtte til kampen mot øydelegging av Førdefjorden i nordfylket.

Vi har arbeidd med politisk opplysningsarbeid, særleg for å gi kommunepolitikarar kunnskap om den nye globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald (Naturavtalen).

Ved hjelp av prosjektløyvingar har vi arbeidet med plastjakt, sirkulære prosjekt, energisparing i privatbustadar, naturskjøtsel, forskingsprosjekt osb.

Som arbeidsform har NVH har brukt utestemme med demonstrasjonar og andre markeringar. Vi bruker vi også som tidlegare år innestemme i t.d. høyringsuttaler og møter, skuleprosjekt, og turar, konferansar og seminar der vi vert invitert inn.

Styret har saman med vår gode administrasjon brukt mykje energi. Først og fremst ønskte styret å utvikle organisasjonen, både når det gjaldt medlemmer, tillitsvalde og administrasjon. Det har gitt svært gode resultat, med lokallag i fem nye kommunar, ein flott medlemsvekst og etablering av den nye Havbruksgruppa. (Sjå meir om utviklinga i organisasjons-kapittelet nedanfor.)

Styret prioriterte denne satsinga vel vitande om at organisasjonsutvikling kostar – men vonaleg vil ein få att denne investeringa over tid, med ein større, klokare og meir robust organisasjon på sikt. Samstundes hadde vi spart opp midlar som var sett av nettopp til å utvikle organisasjonen, så styret vurderte 2023 som eit godt år å ta dette løftet.

Vi ønskte også å gjennomføre satsinga utan at det gjekk ut over prosjekta våre, då dei er viktige for å inspirere, gi kunnskap, demonstrere effekt og skape merksemeld om mange ulike aspekt ved natur- og miljøarbeidet. Dette lukkast vi

med, og vi lanserte jamvel tre nye prosjekt i 2023: Blomster og Bier i Byen, Miljøvenleg Mat og Du Slettetid (sjå meir info om prosjekta våre i kapittelet Prosjektarbeid).

Vi har i 2023 vidareført våre ulike arbeidsmåtar. I tillegg til bruken av utesemme og innestemme har vi tatt i bruk juridisk ekspertise. Vidare har vi klaga inn saker til Statsforvaltaren og følgt opp politimeldingane våre på Skogsbilveg-saker. (Sjå kapittelet Andre viktige saker for meir info om skogsbilveg-sakene).



Vårt politiske påverkingsarbeid har også vore viktig for å vinne fram med vårt syn i fleire viktige saker, som Hordfast, bybane til Åsane, ulovleg bygde skogsbilvegar, oppfølging av FNs Naturavtale/Montrealavtalen, Kokstaddalen osb. Vi arrangerte også fleire politiske debattar og eit valmønstrings-arrangement i forkant av valet for å bidra til at fleire nytta røysteretten sin med god kunnskap om dei ulike partia sine synspunkt i natur- og miljøsaker.

Vi har også hatt tydeleg gjennomslag i media, t.d. gjennom lesarinnlegg og tipse/bistå redaksjonelle artiklar og saker i radio, TV, SOME, podcast, eigne nettsider, filmsnuttar, samt at vi har stilt opp i dokumentarprosjekt (v/filmselskapet Screenstory). Vi har også stått for eit godt knippe med arrangement, både opne og retta mot eigne medlemmer. (Naturlig Onsdag-arrangement, temakveldar, meiningsutveksling (t.d. Pris på naturen, samt valdebattane), i tillegg til formidlingsarbeidet i prosjekta.

Oppslag og lesarbrev i media har sett fokus på motorvegplanar, cruise, tog, ulovlege skogsbilvegar, nedbygging av natur, hyttebyar, verna vassdrag, elektrifisering av sokkelen, plast med meir. Me har demonstrert mot Statens vegvesen, delteke på klimastreik, møtt ei rekke politikarar, halde innlegg og føredrag, arrangert Naturlige onsdagar, gitt innspel til partiprogram, arrangert synfaringar, turar, Naturvern-samling på Voss, gjenbruksveke og dugnadar mot skadelege framande artar, plukka plast og hatt fiksefestar. Me har jobba for energisparing og fått med enda fleire frivillige.

På kontoret har vi vidareført satsinga med seks årsverk, og vi har investert en del av eigenkapitalen på organisasjonsbygging, verving og advokathjelp i samband med skogsbilvegane.

Vi hadde 3823 medlemmar per 31.12.2023. (men nådde målet om 4000 medlemmer i januar 2024!) På same tid i 2022 hadde vi 3675 medlemmar. NVH utgjer litt over 10% av medlemsmassen til Norges Naturvernforbund, og vi har lokallag i 14 av dei 25 kommunane i Hordaland, samt studentlaget Naturvernstudentane i Bergen.

# Arbeidsprogram 2023

Årsmøtet vedtok arbeidsprogrammet nedanfor for 2023. Status i høve dei ulike punkta er tilføyd etter kvart punkt.

Hovudmål	Grad av gjennomføring
Få dei prioriterte sakene våre på dagsorden i valkampen fram mot kommune- og fylkestingsvalet og følgja opp lovnadane deira etter valet.	<i>Det vart arrangert tre val-arrangement, samt ei omfattande spørreundersøking i forkant. Delar av spørreundersøkinga vart forside-oppslug i BT, samt at valdebattane fekk diverse andre medieoppslag.</i> 
Nå vervemål på minst 4000 medlemmar i Hordaland.	<i>Dette målet vart diverre ikkje nådd i 2023; men vi hadde ei god medlemsutvikling og endte året på 3823 medlemmer – og vi passerte 4000 medlemmer i januar 2024.</i> 
Styrka fylkeslaget gjennom ny inntektsstrategi, rekruttering av frivillige og stifting av nye lokallag.	<i>Det er utarbeidd ny inntektsstrategi, som gav god effekt i form av halvert underskot iht. budsjettet. Inntektsstrategien er tenkt vidareført og justert i 2024, og innsatsen for å styrke inntektsgrunnlaget vil bli auka. I høve rekruttering av frivillige har administrasjonen gjennomført dugnadsleiarkurs, førstehjelpskurs og strategiworkshop, med synleg effekt på frivillig-rekrutteringa allereie. Det er skipa lokallag i fem nye kommunar, gjennom ein kombinasjon av samanslåing (Hardanger) og skiping av to nye lokallag (Kvinnherad og Øygarden). NVH har elles også fått gjennomslag i Landsstyret for ei dobling av oppstartsstøtta til nye lokallag fom. 2024.</i> 

For å få gjennomslag for viktige natur-, klima- og miljøsaker, vil Naturvernforbundet Hordaland (NVH) jobba etter følgande hovudstrategiar:

Delta og setta dagsorden i offentleg debatt, samt driva informasjonsarbeid.	
Driva politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.	
Støtta lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.	

*Vi har følgt opp desse hovudstrategiane, og har tidvis lukkast godt med både å sette dagsorden og påverke utfallet av enkeltsaker.*

I 2023 vil me særskilt jobba for at:

Regjeringa skrinlegg Hordfast.	
Det vert slutt på dumping av ulovlege massar og villfyllingar i samband med skogsbilvegar i Bergen og omegn.	 
Det vert redusert volum i oppdrettsnæringa i Hordaland og innført strenge miljøkrav.	
Fleire kommunar vedtek arealnøytralitet eller arealpositivitet som styringsmål og utarbeidar kommuneplanar og strategiar for natur og klima.	
Kildn-cruisehamna på Askøy vert skrinlagt.	
Dei verna vassdraga vert respekterte og nye verneprosessar vert sett i gang.	
Vassdraga våre vert tekne vare på og at vilkårsrevisjonar vert gjennomført i allereie utbygde vassdrag (i hovudsak via Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland)	
Industriplanane i Øksnesmarka vert skrinlagde	
Eidfjord Resort og gondolbane i Odda vert skrinlagt av omsyn til villrein og natur	
Det vert meir frivillig skogvern i vår del av Vestland	
Det vert slutt på nedbygging av natur, og auka restaurering av særskilt viktige naturtypar som myr og kystlynghei	

Legga fram forslag til vern av nye naturområde i tråd med Montreal-avtalen	
Det vert bybane til Åsane	
Forkorting av Bergensbanen mellom Bergen og Voss	
Elektrifisering av sokkelen med kraft frå land vert skrinlagd	
Industrien i Hordaland gjennomfører grøn omstilling med vekt på redusert karbonavtrykk og låg energibruk	
Nytt transmisjonsnett for kraft i hovudsak fylgjer eksisterande trasear eller blir lagt i sjø eller jord	
Fleire melder seg inn i Naturvernforbundet	
Fleire engasjerer seg som frivillige i Naturvernforbundet Hordaland og lokallaga	
Lokallaga får oppfølging og hjelp av fylkeslaga når dei treng det	

*Vi har fått betydeleg gjennomslag i mange av desse sakene, til dømes har vårt søksmål mot Landbruks- og matdepartementet (sjå kapittelet Andre viktige saker nedanfor) styrkt miljøforkjemparars verktøykasse i skogsbilvegsaker over heile landet. Hordfast står svakare både politisk og blant publikum no enn for eit år sidan. Det er auka fokus på utfordringane knytt til oppdrett. Fleire kommunar fokuserer på arealnøytralitet og -positivitet (sjølv om det går for seint).*

*Vi må også applaudere lokallaga, som skal ha mykje av æra for at fleire av sakene har fått stor merksemd lokalt og regionalt.*

### Gjennom prosjekta på kontoret vil me jobba for:

Fleire blomsterenger og pollinatorvenlege plantar i byen gjennom prosjektet «Blomster og bier i byen»

Fjerning av skadelege, invaderande treslag i byfjella, Langeskogen og i kystlynghei gjennom prosjektet «Bevaring gjennom skjøtsel»

Førebygging av plastforsøpling, redusert plastforbruk og opprydding av søppel i naturen gjennom prosjektet «Plastjakten»

Storstilt satsing på energisparing- og effektivisering gjennom prosjektet «Energismart»

---

**Meir gjenbruk, reparasjon og mindre bruk-og-kast gjennom prosjektet  
«Ta vare på det du har»**

---

**Meir kunnskap om og omsorg for naturen gjennom prosjektet  
«Naturglede»**

---

**Mindre digitalt søppel gjennom nytt prosjekt**

---

**Meir miljøvenleg mat gjennom nytt prosjekt**

---

*Det har vore høg aktivitet, god merksemd og positiv utvikling på dei aller fleste prosjekta. Meir om dette i kapittelet nedanfor.*

## **Prosjektarbeid**

Prosjekta våre skal først og fremst inspirere og formidle gode tilnærmingar for miljøet og naturen på ulike område.

**Vi hadde dermed følgjande prosjekt med oss inn i 2023:**

**Naturglede** er ein arrangementsserie som skal rekruttere fleire skånsomme naturbrukarar, særleg i underrepresenterte målgrupper. Dette er i stor grad innvandrarar og økonomisk vanskelegstilte familiar, dermed har prosjektet også ein flott sosial profil. Naturglede hadde ei flott utvikling gjennom 2023, med eit tresifra tal på deltakarar på ei rekje arrangement; og 800 deltakarar på det meste. Sopp-kurset i lag med Sopp og nyttevekstforeningen fekk også besök frå TV2 Nyhetskanalens, som viste innslaget om lag eit dusin gonger.

**Energismart** rådgir huseigarar som vil redusere energibruken i husa sine. Fokus for 2023 var å få ei meir brukarvenleg og «reinare» nettløysing. Pga permisjon i administrasjonen fekk vi inn konsulentbyrået Fremtenkt, som fekk ansvaret for prosjektet. Ny nettside vart presentert i november. Energispesialist-ordninga vart også avslutta i 2023, då bransjeorganisasjonar og kommersielle aktørar har tatt inn denne funksjonen. Behovet for at Energismart listar opp tilbydarane er dermed sterkt redusert.

**Ta vare på det du har** hadde om lag 20 aktivitetar som bidrog til målet om å gjere ombruk, reparasjon og deling meir attraktivt. Det blei solgt fleire reparasjonsgåvekort enn året før, og prosjektet har ei god frivillig-gruppe; og samarbeid med ei rekje andre aktørar.

**Plastjakten** har rydda 1233 kg avfall med hjelp av 570 menneske, fordelt på 16 ryddeaksjonar – til saman 2249 timer med rydding på dugnad. Vidare har prosjektet gjennom den nyleg lanserte NaturVest-podden, plastnyheitsbrev, artiklar, foredrag og opne møte nådd ut til enda fleire med bodskapen om redusert plastforbruk og forsøpling.

**Oppdrag blomstereng** har utvikla eit komplett undervisningsopplegg for skuleverket, og 11 skular har gjennomgått undervisningsopplegget; og ytterlegare 5 har etablert blomstereng på sin skule. I 2024 har heile 26 nye skular tatt opp prosjektet. Forskningsrådet anbefaler også Oppdrag Blomstereng på sine nettsider, som stadfestar kvaliteten på undervisningsopplegget.

**Bevaring gjennom skjøtsel** restaurerer kystlynghei og fjernar framande artar. På Rapeneset er det i 2023 gjennomført 11 dugnadar, dugnadsleiararsamling, førstehjelpskurs, motorsagkurs, samt at det er rekruttert inn fleire dugnadsleiarar.

**Det vart vidare starta opp tre nye prosjekt i 2023:**

**Blomster og bier i byen** betrar tilhøva for pollinerande insekt. Dei har fått ei nær sjølvgåande frivilliggruppe, som har stått for ulike aktivitetar som humlekassekurs o.a.

**Miljøvenleg Mat** har invitert Bondelaget på dialog og samarbeid, og har fått løfta berekraft og miljø på dagsordenen blant matprodusentane og i sosiale medier.

**Du Slette tid** har fokusert på energien som krevst for å lagre data, og mengda av unødvendig data som tar opp lagringsplass og bruker energi, i staden for å bli sletta.

## **Andre viktige saker**

Ut over det saker som er nemnt i framlegging av arbeidsprogrammet, har vi jobba med følgjande saker:

### **FNs Naturavtale**

Norge var eitt av over 200 land som sluttet seg til *Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework* (også kalla Montrealavtalen, eller FNs Naturavtale) i desember 2022. Avtalen går ut på at ein forpliktar seg til å verne 30% natur på land og 30% natur i sjø, samt å restaurere 30% delvis øydelagt natur. Men sjølv om Norge som nasjon har forplikta seg til avtalen, er det svært få kommunar som har lagt konkrete planar for korleis dei skal følgje opp avtalen. Difor har Naturvernforbundet Hordaland tatt ei rekkje initiativ for å få kommunane og folkevalde politikarar til å ta initiativ for å innfri avtalen, t.d. gjennom å vedta arealnøytralitet/-positivitet som styringsprinsipp, samt «planvask»; dvs. revidere gamle planar der ein sett av (altfor) store areal til utbyggingsformål. Her har vi gjort kommunane merksame på kva forpliktingar dei har, men også peika på aktuelle støtteordningar som kommunane kan nytte seg av, t.d. statlege midlar til å utvikle eller revidere sine naturmangfaldsplanar. Dette vart gjort gjennom tre brev gjennom 2023: Det første gjekk til ordførar og rådmenn, og det andre gjekk til kommunestyra i Hordaland. I det tredje brevet stilte vi tre korte spørsmål til kvar einskild av dei ny- eller gjenvalde kommunestyrerepresentantane i Hordaland etter kommunestyrevalet, om kva dei ville gjere for å følgje opp Naturavtalen. Berre 3,5 % av representantane svarte på brevet.

### **Skogsbilvegsaker & søksmål mot LMD**

Ved inngangen til 2023 hadde vi akkumulert betydeleg kunnskap om ulovlegheiter knytt til bygging av skogsbilvegar på ulike stader i Bergen kommune, og fått fokus på eit uheldig samhandlingsmønster mellom skogsbilveg-utviklarane og Landbruksavdelinga i Bergen kommune. Politiet varsla i juni at dei ville tilrå tiltale i ei av sakene vi hadde politimeld.

Men vi erfarte også at Statsforvaltaren i Vestland overprøvde Bergen kommune: i ein etterskotsvis søknad om legalisering av ein ulovleg bygd skogsbilveg i Hordvikvegen, avslo Bergen kommune å tillate vegen, grunngive med at skogen var tatt ut frå området året før. Når Statsforvaltaren overprøvde dette vedtaket, reiste det viktige prinsipielle spørsmål ved både kommunar sin rett til å ta avgjersler og kva som kunne framførast som gyldig grunn til å bygge skogsbilvegar. NVH valde difor å be Landbruksdepartementet (LMD) om å omgjøre vedtaket frå Statsforvaltaren i Vestland. Når LMD ikkje ville svare på vår

begjæring etter 8 månadar, valde vi å ta ut søksmål mot LMD for å tvinge fram eit svar.

Sjølv om svaret ikkje kom før i januar 2024, tar vi det med her i årsmeldinga for 2023; LMD ikkje berre omgjorde vedtaket, dei viste til at alle ulovleg bygde skogsbilvegar må handsamast etter (den omfattande) plan- og bygningslova, og at kommunane ikkje har høve til å nytte (den langt enklare) landbruksvegforskrifta. I praksis er dette eit flott nytt verktøy i arbeidet mot skogsbilvegar, då det gjer godkjenningsprosessen i ettertid meir omfattande, og sørger for ein opnare prosess.

Det kan også nemnast at parallellt med vårt søksmål fekk Naturvernforbundet Oslo og Akershus (NOA) ei ny vurdering frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) som slo fast at ved nye skogsbilveg-søknadar skal (alle) kommunar også vurdere handsaming etter plan og bygningslova, ut frå kor mykje den aktuelle vegen påverkar miljøet.

Saman er desse to vedtaka ein stor siger i kampen mot skogsbilvegar, og gir oss oss langt meir effektive verktøy til å klage inn saker og stoppe/seinke utbygginga av desse vegane.

## Nasjonal Transportplan (NTP)

Det er også blitt jobba målretta for å spele inn vårt syn på ulike samferdsleprosjekt for relevante politiske aktørar og miljø (Hordalandsbenken, VLFK o.a. sentrale aktørar). Vurderinga av kva samferdsleprosjekt NVH er for og imot er forankra i styret, som også har prioritert dei viktigaste sakene. Prioriteringa er også kommunisert til samferdsleaktørar og beslutningstakrarar (samt til media). Vedteken prioritering frå styret:

### Ja-saker:

1. Bybanen
2. Økt støtte til byvekstavtalene
3. Jernbane K5
4. Støtte til hybrid hurtigbåt satsing Vestland fylkeskommune
5. Gul stripe E39
6. Fylkesvegnettet med gul stripe, gang og sykkel

### Nei-saker:

1. Hordfast
2. Ringveg Øst
3. Motorvei Arna-Trengereid

Vi opplever å ha fått både betydeleg gjennomslag i både einskilde prosjekt og i synet på store samferdsleprosjekt som føresett storstilt nedbygging av urørt natur. Nær 70% er t.d. negative til Hordfast. Og fleire politiske parti har løfta vern av natur mot nedbygging enda høgare i si prioritering og agenda.

## Oppdrett

NVH har hatt stor fokus på havbruksnæringane gjennom 2023, og har endeleg fått realisert ein gammal «draum» om å få etablert ei eiga faggruppe på Havbruk. Gruppa har trekt til seg eit sport spekter av kompetanse på ulike felt knytt til oppdrettsverksemd, slik at gruppa ikkje er avgrensa til fokus på redusert volum & strenge miljøkrav (som det står i handlingsprogrammet) – gruppa kan også adressere nye problemstillingar som t.d. fiskehelse, giftstoff i laks, bestandpåverknad på andre artar osb. – om gruppa ønskjer det og har kompetanse på dei ulike problemområda.

Havbruksgruppa vart konstituert i byrjinga av desember 2023, og treng noko meir tid på å sette og forfølgje sin agenda. Men oppdrettsnæringa har fått meir kritisk sokkelys frå media si side, så vi håper og trur at Havbruksgruppa kan bli ein viktig premissleverandør i eit tydeleg offentleg ordskifte framover.

## Organisasjon

Vi hadde 3753 medlemmer per 31.12.2023. På same tid i 2022 hadde vi 3675 medlemmer. Auken var jamt fordelt over heile året, med unntak av oktober-november der vi fekk ein nedgang pga. «medlemsvask» (den årlege fjerninga av ikkje-betalande medlemmer), samt noen utmeldingar med kritikk av vår tydelege profil for bygging av bybane til Åsane –foran Bryggen. Dette trasévalet splittar Bergen, og førte til at nokre medlemmer meldte seg ut av NVH. Men samla sett var altså medlemsveksten veldig positiv gjennom året – og målet om 4000 medlemmer vart altså oppnådd i januar 2024.

NVH utgjer litt over 10% av medlemsmassen til Naturvernforbundet, som gjer at Hordaland framleis er største regionlag utanfor hovedstadsregionen.

## Lokallag

Lokallaga er ein svært viktig del av Naturvernforbundet, og dei gjer svært mykje solid grunnarbeid og opparbeidar veldig ofte stor kompetanse på «sine» problemstillingar.

Vi fekk lokallag i fem nye kommunar i 2023: lokallaget i Kvam slo seg saman med Ullensvang, Ulvik og Eidfjord i Naturvernforbundet Hardanger, lokallaget i Kvinnherad vart gjenopprettet etter å ha blitt nedlagt eit år før, samt at det vart oppretta nytt lokallag i Øygarden.

Dermed har vi lokallag i 14 av dei 25 kommunane i Hordaland, samt studentlaget Naturvernstudentane i Bergen. Lokallaget i Bergen har elles blitt betjent av administrasjonen i NVH. Lokallaga har følgjande medlemsfordeling pr. 31.12.2023:

Bergen:	2245 medlemmer	Leiar: Hallvard Birkeland
Voss:	303 medlemmer	Kontaktperson: Inge Draugsvoll
Hardanger:	239 medlemmer	Leiar: Klaus Rasmussen
Nordhordland:	202 medlemmer	Leiar: Jan Nordø
Askøy:	184 medlemmer	Leiar: Jan Nordstrøm
Stord:	126 medlemmer	Leiar: Hallgeir Matre
Øygarden:	95 medlemmer	Leiar: Sunniva Vatle
Kvinnherad:	78 medlemmer	Leiar: Mari Teigen Varanes

Øvrige medlemmer (281) er i kommunar utan lokallag, og registrert som medlem i Hordaland. Totalt 3753 i Hordaland.

## Faggruppene

Faggruppene er opne faglege forum som konsentrerer seg om eit fagområde som er viktig og krevjande for Naturvernforbundet. Ved inngangen til 2023 hadde vi to faggrupper: Naturmangfaldsgruppa (leiar: Harald Simonsen) og Klima- og transportgruppa (leiar: William Helland-Hansen). På slutten av året



Gjenopprettet lokallag i Kvinnherad



Skiping av lokallaget i Øygarden.

fekk vi også skipa Havbruksgruppa (leiar: Brage Sævik), som ser på utfordringar knytt til oppdrett og tilstøtande aktivitet.

## **Administrasjonen**

Administrasjonen har i 2023 bestått av seks årsverk, derav eitt årsverk utført av konsulentelskapet Fremtenkt, som dekte oppgåvene til Rasmus L. Rasmussen, som hadde fått innvilga permisjon.

N VH gjekk i 2023 over til å følgje Norges Naturvernforbund sine tilrådde lønssatsar, for å vere ein attraktiv arbeidsgjevar og behalde dei tilsette lenger, slik at dei får enda betre høve til å vidareutvikle sin kompetanse over tid. Ein har i 2023 vektlagt å ruste opp innsatsen for å bygge opp ein robust økonomi i NVH på sikt, slik at organisasjonen kan utviklast mot ein enda tryggare arbeidsplass.

## **Styret**

Det er avhalde 13 styremøter i 2023.

Styremedlemmene har elles vore nytta som innleiarar, ordstyrarar eller debattantar på ei rekke interne og eksterne arrangement gjennom året.

Verv	Namn	Andre verv/rollar
Leiar	Tom Skauge	Styreutvalet, Klima og transportgruppa og Havbruksutvalet. Leiar frå Dato
Styremedlem og kasserar	Knut Espelid	Styreutvalet og Landsstyrerepresentant
Styremedlem	William Helland-Hansen	Styreutvalet, leiar av Klima og transportgruppa og medlem av Nasjonalt klimautval.
Styremedlem	Hallvard Birkeland	Leiar av lokallaget i Bergen
Styremedlem	Ragnhild Gya	Styreutvalet (-nov. 23)
Styremedlem	Bård S. Larsen	Medlem av Nasjonal energiutval og Klima og transportgruppa

Styremedlem	Gabriel Fliflet	Klima og transportgruppa. Leiar til Dato
Styremedlem	Ruben Thormodsæter	
Styremedlem frå NU	Ingrid Eline Barrabés Gørrissen	Leiar Vestland Natur og Ungdom
1. varamedlem	Helene Vacarisas	Styreutvalet (frå nov. 23) og Naturmangfaldsgruppa
2. varamedlem	Oddvar Soldal	Naturvernforbundet i Hardanger og Fagleg råd for Folgefonna nasjonalpark
3. varamedlem	Siri Vatsø Haugum	

## Tilsette og praksisstudent

Stilling	Namn	Oppgåver
Fylkessekretær	Synnøve Kvamme	Fylkessekretær i NVH fram til 26.06.23. Ansvar for administrasjon, samt medverkar i prosjekta etter behov Representant for NVH i: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland (styremedlem)</li> <li>- Samarbeidsalliansen "Arven etter plasthvalen"</li> <li>- Stiftinga Loofts gave</li> </ul>
Fylkessekretær vikar	Pål Fidjestøl	Fylkessekretær i NVH frå 01.06.23 (vikar for Synnøve Kvamme). Ansvar for administrasjon, samt medverkar i prosjekta etter behov Representant for NVH i: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland (styremedlem)</li> </ul>
Rådgjevar	Mona Maria	Jobbar på fjernkontor frå Trondheim.

Redaktør NaturVest	Løberg	Jobbar med: Nettsider, design, SoMe, inkludering, formidling og fungerer som rådgjevar i alle prosjekta. Også prosjektleiar for <i>Du Slettetidog Miljøvennlig Mat.</i>
Prosjektleiar <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i>	Jeanette Tennebekk	Har jobba med <i>Blomster og bier i byen</i> og <i>Oppdrag blomstereng</i> . Samt oppfølging av praksisstudentar. Frå hausten jobba ho også med skogsbilvegsakene.
Prosjektleiar <i>Ta vare på det du har og Energismart</i>	Lena Teigland	Leiar og utviklar prosjektet <i>Ta vare på det du har</i> . Har vore prosjektmedarbeidar i <i>Energismart</i> og jobbar særskilt med EU-prosjektet <i>Enchant</i> . Då Rasmus gjekk ut i permisjon i november tok Lena over som prosjektleiar for <i>Energismart</i> . Medverkar òg i arbeid med overordna inntektsstrategi, SOME, Førdefjorden, Broen til framtiden, Naturlig onsdag o.a.
Prosjektleiar <i>Plastjakten</i>	Ingvild Kristine Sundal Joys	Leiar og utviklar prosjektet <i>Plastjakten</i> . Jobbar også med SoMe og oppfølging av studentlaget og praksisstudentar.
Rådgjevar og prosjektleiar <i>Energismart</i>	Rasmus Laupsa Rasmussen	Jobba i hovudsak med <i>Energismart</i> , skogsbilvegsaker, oppfølging av lokallag og ulike politiske saker. I uløna permisjon heile året, då han var politisk rådgjevar for byrådsleiar i Bergen, Rune Bakervik. Oppgåvane blei difor sett ut til konsulentselskapet Fremtenkt.
Praksis: Masterstudent i Berekraft ved UiB	Ida Helene Holm Hansen	I praksis hjå NVH i 100% hausten 2023. Jobba i hovudsak med prosjektet <i>Miljøvenleg Mat.</i>

# I media 2023

Media-messig var 2023 enda eit godt år, og vi fekk også dette året sett ei rekke saker om natur og miljø på dagsordenen. Naturvernforbundet Hordaland er generelt vurdert som ei seriøs og truverdig kjelde, dette er også ei anerkjenning organisasjonen må forsvere og fortene på nytt kvart år.

## Medieoppslag om Naturvernforbundet i Hordaland jfr. medieovervakingstenesta

### Retriever:

«Turlaget arrangerer vindkraftseminar», Bergen og Hordaland Turlag, 20.01.2023

«Neste månad skal politikarane ta stilling til oppdatert plan», Nordhordland, 25.01.2023

«Håper det bare er en glipp, Bergen kommune!» (papir), Bergensavisen. 31.01.2023

**«De saumfarte fjell i Nordhordland med lupe. Nå er funnene klare.»**, Bergens Tidende, 03.02.2023

«Fant over 30 rødlistede arter der vindturbinene er planlagt», Bergens Tidende, 04.02.2023

«Voss har fått plaststrategi – og vil skaffa plastpresse i landbruket», Hordaland, 09.02.2023

«Her tar banktoppene selfie i Oslo for siste gang», Bergensavisen, 13.02.2023

– HAR EN JOBB Å GJØRE», Bergensavisen, 14.02.2023

«Ny undersøkelse: Syv av ti sentrumsboere synes det er for mange Cruiseturister», Bergensavisen, 14.02.2023

«Over stokk og stein i Austrheim kommunestyre», Avisa Nordhordland, 25.02.2023

«Det kan gå lang tid før vågen blir ryddet» (papir), Askøyværingen, 02.03.2023

«Vi har knapt tre år på å gjennomføre», Bergensavisen, 02.03.2023

«Har gitt Odd Haugen pålegg om opprydding og stans av masseuttak», Strilen, 02.03.2023

«Ønsker å bygge landbasert vindkraft – lokal naturvernorganisasjon er kritisk» (papir), Nordhordland, 04.03.2023

«Eide Fjordbruk vil elektrifisera lokaliteten ved Furebergstunnelen», Kvinnheringen Pluss, 05.03.2023

«Lyser ut nye 800 000 kroner til å rydde plast», Vestland Fylkeskommune, 10.03.2023

Tips oss

Bergens Tidende

Naturvernforbunde

**De saumfarte fjell i Nordhordland med lupe. Nå er funnene klare.**

Vindkraftverket kan bli et av Europas største på land. Nå har eksperter funnet over 30 rødlistede arter der vindturbinene er planlagt.



På lupejakt etter sjeldne arter i Modalstjellene. Fra v. John Gunnar Brynjuvsrud, Perry Gunnar Larsen og Torbjørn Heitom fra Biofokus. FOTO: OLE MARTIN STRANDE (ARKIV)

**«Reagerer på «giftspøl»: - Tragikomisk», Dagbladet, 15.03.2023**

**«Klimaaktivist: - Åpenbart et demokratisk problem å øke overvåkingen», Bergens Tidende, 15.03.2023**

**«Ja til vidare bygging av fritidsbustader», Hordaland, 16.03.2023**

**«Klimaaktivister skeptiske til økt overvåking», Bergens Tidende, 16.03.2023**

**«Naturvernforbundet krev nye undersøkingar i Osterfjorden» (papir), Nordhordland, 18.03.2023**

**«Lanserer el-sykkel med kunstig intelligens», Journalen, 22.03.2023**

**«Skal vi på ny vise fingeren til kommende generasjoner?», Bergensavisen, 23.03.2023**

**«Full cruisekrig: - Et luftslott», Børsen, 25.03.2023**

**«Skauge blir naturvernleder i Hordaland», Bergens Tidende, 27.03.2023**

**«Hvem er det som roter og tuller i Øksnesmarka?», Strilen, 28.03.2023**

**«Krev svar frå forsvarsministeren i saka om ammunisjonsdumping», Avisa Nordhordland, 28.03.2023**

**«Oppdrettsvolumet i Hordaland må ned, og kommunane må kjenna ansvaret sitt», Os & Fusaposten, 30.03.2023**

**«Bekymret for motorveiplanene rundt Bergen: - Køene flyttes bare til neste kryss» (papir), Bergens Tidende, 30.03.2023**

**«Statnett peiker på nye havvindområde», Klassekampen, 31.03.2023**

**«Må sjå kritisk på areala» (papir), Hordaland Folkeblad, 31.03.2023**

**«Ny leiing med formaning: - Situasjonen er alarmerande», Kvinnheringen, 02.04.2023**

**«Å vurdere sivilsamfunnet sine synspunkt er ikkje «å feiga ut»», Fanaposten, 04.04.2023**

**«Oppdrettsvolumet i Hordaland må ned, og kommunane må kjenna ansvaret sitt», Os & Fusaposten, 04.04.2023**

**«Russefeiring midt i sårbar natur?», Bergens Tidende, 05.04.2023**

**«Kall det for landbruk, so er det ikkje ureining lenger!», Strilen, 11.04.2023**

**«Svar på innlegget frå Olav Torheim», Strilen, 11.04.2023**

**«- Me tar det på alvor», Hordaland, 13.04.2023**

**«To KVV-klassar fekk personleg videohelsing frå klimaministeren» (papir), Kvinnheringen, 14.04.2023**

**«Å vurdere sivilsamfunnet sine synspunkt er ikkje «å feiga ut»», Hardanger Folkeblad, 16.04.2023**

**«Massedeponi i Byfjella avslått Statsforvaltaren i Vestland har gjort om og avslått bystyret sitt vedtak om dispensasjon for og løyve til deponering av store mengder massar på eigedomar som ligg rett ved og innanfor byfjella.», Statsforvalteren i Vestland, 17.04.2023**

## Reagerer på «giftspøl»: - Tragikomisk

Forurensingen i Flørvågen på Askøy utgjør «en fare for human helse», ifølge rapport. Det er ikke planlagt å rydde opp. Det får Naturvernforbundet til å reagere.



FØRURENSEN: Det er mye miljøgifter i sjøbunnen i Flørvågen. Førelig er det ikke planlagt å gjøre noe med det. Foto: Angelica Hagen / Dagbladet

Annelies Hagen

12 | NYHETER Laurdag 18. mars 2023 | NORDHORDLAND

## Naturvernforbundet krev nye undersøkingar i Osterfjorden

Dette er sjokkerende opplysningar. Det har ikke vore fokus på ammunisjonsdumpings i Osterfjorden før den stod. No må alle opplysningar fram. Her må det ryddast opp skilkeleg.

OPPLYSNINGER: Naturvernforbundet

Dette seler Jan Norder, leiar i Naturvernforbundet Nordhordland. Han plakaterte opplysingane i avisar om dumperganglassen for ammunisjon og eksplosiv i fjorden, inkludert om det var det som først gjorde at det ble oppdaget. Han fortalte også om ammunisjonsdumpinga i Osterfjorden fra 1945 og i lang tid etter. Han fortalte også om foretak som i Flørvågen har gjort opp med en stor del av området over kva som gjor til havnen, og om at det er mange bryggar som gir ut av det kan undersøke staden nede. Departementet skal også få informasjon om dette.

- Politisk konsekvens på dette nivået er svært alvorlig. Og det er viktig at dette ikke løses ut i et konsensum mellom staten og Forsvaret inn, sette han.

Mo i Rana Senterparti-ordfører i Osterfjord kommune i Vestland fylke, Det bør ha kont

veg til å støtte partiholdet i re-

gongen om at det er viktig å ha et

krav om full gjennomgang av

dumperganglassen i Osterfjorden.

Det på det som ligg der, har

og Osterøy går godt over

det som er viktig med dumper-

ganglassen.

Det andre er at det blir sløgt

opp i Osterfjorden, og det er

svært viktig at det ikke

er noe som gjør det svært

at det kan være ufarbare for

dyr, både i sjø og i land.

Det som ne kjenner til, er

absolutt av interesse for Alver

kommune. Men det er også på

at det er viktig å ha et

støtteskred.

- Det viktigste er at dette er et

støtteskred i kommunen og

at det ikke er en uforstått

sløyt i Osterfjorden.

Osterøy kommune vil gje

støtteskredet til det


forbundet. Forurense-

ning og potensielle

forstyrrelser må ikke

gi tilskudd til skadene på

alvor.



JON NORDER: Jan Norder i Naturvernforbundet Nordhordland. Foto: Fotograf: Morten Sæle

EN PLAN: En plan som var lagt fram av

Osterøy kommune vil gjøre om og avslått dumperganglassen i Osterfjorden.

Det er viktig at det ikke er et

støtteskred i kommunen og

potensielle forstyrrelser må ikke

gi tilskudd til skadene på

alvor.

Fotograf: Morten Sæle

«Spesielt én sak har hjemsøkt Naturvernforbundet gjennom 40 år», Askøyværingen, 18.04.2023

«Inviterer til miljøvennlig oppgradering av klesskapet», Askøyværingen, 20.04.2023

«Naturvernforbundet ber kommunene utvide sine LNF-områder», Kommunal Rapport, 21.04.2023

«Øyunn (14) og Ingrid (14) jakta klesskattar på biblioteket», Hordaland, 25.04.2023

«- Situasjonen er alarmerande», Kvinnheringen, 25.04.2023

«Startar nytt naturvernlag», Hordaland Folkeblad, 25.04.2023

«Førdefjorden skal reddes – historisk søksmål, kultur og politisk samtale», NTB Info, 26.04.2023

«Førdefjorden skal reddes», Naturvernforbundet, 27.04.2023

«Naturvernforbundet meiner fiskehelsa er på eit lågmål», Sunnhordland, 28.04.2023

«Kaster seg inn i gondol-debatten rett etter stiftelsesmøtet» (papir), Hardanger Folkeblad, 03.05.2023

«Nordre Follo lagar natur», Klassekampen, 11.05.2023

«4,2 mill. til klimatiltak: - Viktig å tenke smått nok» Bergen kommune, 11.05.2023

«Nytt Naturvernforbund skipa: - Opne oppdrettsanlegg må fasast ut», Kvinnheringen, 12.05.2023

«Mål uten mening?» (papir), Bergensavisen, 21.05.2023

